



Jentelaget har gjort ein storinnsats i Norway Cup

Onsdag ettermiddag spela jentelaget til Rosendal/Uskedal 16-delsfinale mot det islandske laget Sindri. Etter uavgjort etter ordinær tid, måtte dei gje tapt i ekstraomgangane. Dermed kan Norway Cup-eventyret vera slutt for dei flinke jentene for i år. Etter at kampen var slutt, var det usikkert om resultatet vert ståande, då det kan vera grunnlag for protest.

Rosendal/Uskedal kom godt i gang mot det islandske motstandarlaget. Etter om lag 5 minutt spel vart Marte Ingebretsen lagt ned i straffefeltet. Dermed vart laget tildelt straffespark, - ein straffe Linn Tveiten sette kontant i mål. Dermed stod 1-0 til jentene våre.

Utover i kampen var det tydeleg at motstandarlaget Sindri heldt svært høg kvalitet, men Rosendal/Uskedal-jentene jobba svært godt. Dei heldt leiinga heilt til det stod 5 minutt att av kampen, men då fekk Sindri hol på byllen. Dei scora det viktige målet som sikra ekstraomgangar. Etter tre minutt i første ekstraomgang scora Sindri på nytt, og dermed vart kampen stoppa i med at dommaren dømte etter golden goal-regelen. Lagleiinga har på spørsmål tidlegare i turneringa fått til svar at ekstraomgangane skal spelast heilt ut. På grunnlag av dette vert det no, etter det vi kjenner til, vurdert om det skal leverast protest. Vi kjem tilbake med meir om ein eventuell protest seinare.

I følgje vår meldar var det i og for seg greitt at islendingane vann, for dei var det beste laget kampen sett under eitt. Likevel vart det litt surt å tapa sidan dei hadde leiinga heilt til få minuttar gjenstod. Ekstra surt vert det om reglementet ikkje vart fulgt. Jentene skal vera stolte over den flotte innsatsen dei har levert.

Dersom det ikkje vert endringar, må vi setja vår lit til gutelaget. Dei skal i elden i 8-delsfinale mot Stordal i kveld. Når dei spelar 8-delsfinale medan jentene spela 16-delsfinale sjølv om dei hadde spela like mange kampar, kjem det av at det var fleire lag i jenteklassen. Dei fleste gutelaga i denne aldersgruppa spelar nemleg 11`ar. Vi har store forventningar til gutane som leverte ei imponerande førestilling mot det russiske laget i går.

Av Thor Inge Døssland